

## Stor aktivitet i Ospelunden byggjefelt.

25.04.2016



Før helga starta utgraving av ei ny tomt i Ospelunden-

**Dei som passerer på hovudvegen, har nok ikkje unngått å leggja merke til den store aktiviteten som er i Ospelunden byggjefelt. I indre delen av feltet er for tida to entreprenørselskap i arbeid. Det eine driv med utgraving av tomt medan det litt lengre oppe er eit anna selskap som driv med diverse arbeid knytta til einebustaden som er i ferd med å verta ferdig.**



Litt lengre oppe i feltet var eit anna entreprenørselskap starta på sitt prosjekt.

Ved innkøyrsla til feltet er Dimmelsvik Entreprenør As godt i gang med utgraving av tomta som brørne Røssland har kjøpt. Der skal det kome ein tomannsbustad, og etter dei opplysningane Oddbjørn Kroka i Ospelunden har, vil no dei ulike trinna i dette arbeidet gå slag i slag.

Litt lengre oppe i feltet driv Eskeland Entreprenør på. Det er eit arbeid for Kvinnherad Bygg, og det er i hovudsak ferdiggjering og muring knytta utearealet til einbustaden til Odda-paret Shirley og Jan Nordli. Denne er snart ferdig. I samband med det nyttar også Ospelunden Byggjefelt anledningen til å leggja tekniske anlegget nokre meter vidare i same slengen.

I Ytre delen av feltet er det førebels roleg, men i følgje Oddbjørn Kroka er det ikkje så lenge før det vert meir aktivitet også der. På forsommaren går dei i gang med bygging av ein tremannsbustad like innanfor Geir Inge og Janne Helen Koløy sitt hus. Der har dei slått saman to små tomter for å utnytta arealet betre.

Kroka fortel at det no berre er 4 tomter att som er tilrettelagt og byggjeklare. Siste tida har han vore travelt opptatt på eigedommen sin inne på Kroka. Der har han mellom anna 4 utleigehytter. No er han etter kvart ferdig med arbeidet der inne.

- Eg kjenner at eg ser fram til å koma meir i gang i Ospelunden att no, avsluttar han, optimistisk som alltid.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland